

1948

PLAN
FOR
FREDLY UNGDOMSSKULE
NIDARVOLL






DET SKULEN VIL:

1. Vekkja og nøra personleg kristeleg liv.
2. Kveikja arbeidshug og skapa kjærleik til heim og fedreland.
3. Gjennom bokleg og praktisk opplæring hjelpa dei unge til å bli dugande menn og kvinner, og støra til åndeleg vokster gjennom sjølvarbeid.

*«Vi treng ein ungdom som tru har lagt
på grunnar som aldri sviktar.
Vi treg ein ungdom som står på vakt
og trufast gjer det han pliktar.»*



Fredly, sett frå sør.

Fredly ungdomsskule ligg kring 4 km. sør for Trondheim sentrum, ved den gamle Klæbuvegen. Skulen tok til i 1899 på Leira, lenger sør på Strinda. I 1903 flytte han inn i sjølv-eigande heim på Fredly, Nidarvoll.

Det går bussrute mellom byen og Nidarvoll 8—10 gonger for dagen, og Trondheims-trikken går omlag halve vegen fram.

VINTERKURSET

tek til 3. oktober og varer i 24 veker. Det er tri parti:

1. Bokparti for gutar og gjenter,
2. praktisk parti for gutar (snikring, smiing),
3. praktisk parti for gjenter (saum, veving, husstell).

LÆRE-EMNE

1. Bokpartiet.

Bibelkunnskap, kyrkjesoge, sjelelære, norsk rekning, helselære, samfunnslære, søge, fysikk og kjemi, plantelære, landkunne, teikning, song, gymnastikk, snikring, handarbeid. Dei lærebøker skulen nyttar, er offentleg godkjende til bruk i ungdomsskulen.

Foredragsfag, som bibelkunnskap, sjelelære o. fl. er sams for alle elevar.

I fag som norsk og rekning blir elevane bytte i klassar etter skriftleg prøve når kurset byrjar.



2. Praktisk parti for gutar.

Bibelkunnskap, kyrkjesoge, sjelelære, norsk, rekning, helselære, samfunnslære, fysikk og kjemi, song, teikning, gymnastikk, snikring, smiing, arbeidsteikning.

Skulen har maskiner i arbeidssalane for både snikring og smiing.

I trearbeid gir skulen opplæring i snikring, dreieing, beising, boning og arbeidsteikning.

I jarnarbeid får dei øving i smiing av jarn og stål, lodding og vøling av blekksaker, dei lagar reidskap av ymse slag som trengs på ein gard, og kan laga opp til små maskiner som t. d. feltesse, platesaks, sagspindel med skiver, o. l.

Elevane får til eige dei tinga dei lagar, når dei betalar for materialer som skulen skaffar.

Har ein høveleg lærarkrefter, kan gutane få rettleiing i praktisk elektroteknikk.

Elevarbeid i sløyd.



1. Praktisk parti for jenter.

Bibelkunnskap, kyrkjesoge, sjelelære, norsk, rekning, helselære, samfunnslære, song, gymnastikk, kostlære, handarbeid, husstell.


I handarbeid får elevane opplæring i binding, rissing, lin- og kjolesaum, mønstervev og nyttevev, — og i husstell får dei opplæring i matlaging, baking, hermetisk nedlegging av frukt og kjøt, servering, o. m.

KOSTPENGAR

Elevar som bur i skuleheimen, betalar forskottsvis for hus, kost, lys og varme ~~1.50.~~ kr. for månaden. Dei held seg senglæde og handdukar sjølve. Skulen held seng med fjør-madrass og skråpute.

For klævask betalar kvar elev ~~30.~~ kr. for heile kurset.

Handarbeidssalen.





Metallverkstad.

Dei gjenter som bur heime og går det praktiske kurset, har middag og kaffi på skulen den tida dei har husstellopplæring. For dette betalar dei kr. for dagen.

PENGEHJELP

Dei elevar som treng det, får stipend, kvar dei så er frå i landet. Siste skuleåret vart det utdelt kr. i stipend på Fredly.

INGEN BETALER FOR OPPLÆRINGA

Lærebøker og skrivesaker får ein kjøpa på skulen. Har nokon bøker som syskin eller kameratar har bruka på Fredly før, kan ein ta desse med.

Alle bør ta med bibel og salmebok.

Elevane får opplæring i bokmål eller nynorsk etter eige val.

Til kontroll og arbeidsøving er det skriftlege prøver i ymse fag fleire gonger i kurset. Om våren er det sluttprøver i norsk og rekning og nokre andre fag.

Alle elevar får v i t n e m å l. Vitnemålet er i den målform som kvar har fått opplæring i på skulen.

Kvar dag byrjar med morgonandakt av ein lærar. Om laurdagskveldane er det ungdomsmøte med foredrag, lysbilette, film, opplesing, ordskifte, musikk, song og handskriveblad. Elevane styrer sjølve desse møta.

Om torsdagskveldane er det oppbyggeleg møte. Då er det ofte framande talarar.

SKULEHEIMEN

Fredly har gode bygningar med klasserom, gymnastikksal, handarbeidssal og vevsal, internatkjøken, skulekjøken, sløysal, smie- og metallverkstad.

Internatet har rom til kring 60 elevar. Det er bad på skulen og elektrisk lys.

INNMELDING

Dei som vil gå vinterkurset, må vera minst 17 år 1. januar i skuleåret. Det krevst ingen annan føreskule enn folkeskulen.

Når ein sender innmelding til skulen, må ein med det same seia frå kva parti ein ynskjer å gå, anten bokleg eller praktisk. Fyll endeleg ut det romet på skjemaet.

Ein må senda vitnemål om framferd.

Med det same ein sender innmelding, kan ein søkja om stipend. Eit skjema til slik søknad fylgjer med planen. Det kan ein fylla ut og få det attestert, og så senda det tilbake til skulen.

Dokterattest treng ingen ha med, men ein fyller ut og sender tilbake eit helsekort ein får tilsendt. Alle elevar og lærarar blir undersøkte av lækjar straks skulen har teke til.

Alle som har ski, bør ta dei med.
Til det praktiske arbeidet bør gutane ta med tollekniv, — og gjentene tek med saks og målband. (Elles er slike ting å få på skulen).

Tilskrift:

FREDLY UNGDOMSSKULE

Nidarvoll, om Trondheim.

AKTIETR. I T.HJEM